

PIT PARION

MED BERTE OG IVER INN I SPRÅKET

Kjenner du Berte og Iver? På barnesidene til Nynorsksenteret, www.berteogiver.no, kan barnehageborn og dei yngste elevane i barneskulen no utforska og leika saman med dei to nyfikne borna.

Det heile byrja eigenleg litt på slump. Som ein del av eit utviklingsprosjekt knytt til barnebokantologien Les for meg! skulle animatøren Martine Grande laga nokre animasjonar av figurar frå forteljinga Flekkmonsteret bygger harefelle. Nynorsksenteret skulle leggja ut desse animasjonane til bruk i barnehagar og skular, men då måtte me ha ei vevside der det kunne høva å ha dei, og den vevsida vart tilfeldigvis utforma som eit rom. Deretter kom ideen om eit rom til, utforma som eit kjøken, med ein radio med høyrespelet om Flekkmonsteret og eit kjøleskåp med kjøleskåpsmagnetbokstavar til leik med språket. Etter det kom det til ei stove med fjernsyn, der ein kunne sjå nynorske animasjonsfilmar som til dømes Kråkebollebilly og Jakob og Neikob. På eitt tidspunkt dukka figurane Berte og Iver opp, og me byrja utviklinga av eit leikerom og eit observatorium. Slik vart det som byrja som eit rom med små animasjonar, til eit heilt hus med spel, filmar og aktivitetar. Og dei som bur i huset og inviterer deg inn der, er Berte og Iver, som mange barnehagar kjenner frå heftet Berte og Iver og månen.

Tanken bak vevstaden, slik han har utvikla seg i arbeidsprosessen, er å laga nynorske sider der borna skal ha det kjekt medan dei utforskar språk, former, fargar og tal. I obser-



Arild Torvund Olsen er administrasjons- og kommunikasjonskonsulent på Nynorsksenteret



www.berteogiver.no

vatoriet kan borna leika med å finna ordpar som rimar, sjå ein animasjonsfilm med barneteikningar laga ut frå eit dikt og teikna stjernebilet ved å dra strekar mellom bokstavar. I dataspellet Romkatten, der borna kan velja om dei vil spela som Berte eller Iver, løyser ein oppgåver ute i verdsrommet. Og på leikerommet bognar det av minnespel, puslespel, gåter, rebusar, bokstavleik og mykje anna.

Det har vore moro å vera involvert i arbeidet med å få på plass sidene, men det er endå meir moro å sjå korleis dei no vert tekne i bruk kring i landet. Kan henda kan du òg ha glede og nytte av www.berteogiver.no.

Undervisningsansvarleg Camilla Wilse, initiativtakar og fagleg ansvarleg Andreas Viestad, kurshaldar Mai Linn Muskaug og dagleg leiar Lene Gjelsvik saman med born i ulik alder. (foto: Geitmyra matkultursenter)



MARKENS GRØDE

På ein gammal gard midt i Oslo sentrum finn ein Geitmyra matkultursenter. – Her skal me gjere born og unge glade i mat som gjer dei godt, fortel dagleg leiar Lene Gjelsvik. TEKST: ANITA SVENDHEIM



OLE BRUM, OLA TVEITEN ELLER BARBIE, KOR HENTAR BARNAPLEVVINGAR FRÅ?

PiRion-kurs Les meir på www.pirion.no



Anne og Erle med eplepressa på Open gard arrangement, som hadde eple som tema. . Foto: Sondre Bjaaberg

MARKENS GRØDE...

Mateventyret starta for eit par år sidan, då kokken Andreas Viestad fekk auge på Geitmyra gard under ein spaseretur gjennom Oslo sine gater. Garden frå 1700-talet, som hadde lege freda og brakk i fleire tiår, ga matskribent og småbarnsfar Viestad ideen om å starta eit matkultursenter.

Lene Gjelsvik fortel om ein langdryg prosess med søknadar, ei enorm dugnadsånd og

rehabilitering av gard og hagebruk: — I dag har me servert kvalitetsmåltid til barnemunnar i to månadar, og me ser verkeleg at me har igjen for arbeidet.

Liv i tunet

I hovudsak er det born i aldersgruppa 5–15 år som kjem til Geitmyra gard i skuletida, men dei arrangerer også opne dagar for familiar,

barnehagar og heimkunnskapslærarar. — Me ynskjer å tilby noko for alle som er involverte i born sin kostkvardag, seier Gjelsvik.

Så langt har matkultursenteret vist seg å bli ein stor suksess. Utover haustmånedane har det blitt arrangert både pannekakekveldar og ein eplekjekk dag der 400 menneske og over 19 sortar eple fylte tunet.

— Born og vaksne fekk prøvd seg på bakte eple, eplemost, eplequiz og epleutstilling, fortel Gjelsvik.

To gonger i månaden arrangerer dei også Superfredag, ein dag sett av til barnehageborn i området:

— Her får dei lage herleg mat, leike på tunet og prøve smakar som er heilt nye for dei.

Dei gode råvarene

Det er råvarene som står i sentrum når borna på Geitmyra trør inn på kjøkkenet. Med over 3,5 mål jord, fleire parsellar og kompost har matkultursenteret som mål å la borna ta del i heile prosessen frå råvare til ferdig produkt. — Me ynskjer at dei skal vera med på så mykje av haustinga som mogleg, seier Gjelsvik, som fortel at det byr på utfordringar i vinterhalvåret.

— Løysinga på dette var å bruke oppskrifter der me nyttar grønkål, sidan han kan bli hausta seint på året. I tillegg har me fått tak i

ein salattype som me kan så nå om hausten.

Gjelsvik kan fortelje om born som storkosar seg når dei får bolte seg på kjøkkenet. Besøkjande har mellom anna fått lov til å trylle torsk om til fiskebollar, som deretter har blitt ete med heimelaga majones til, og dei har fått lov til å kutte i elghjarte.

— Borna blir utruleg imponerte over det dei får til. Dei fleste trur ikkje at dei klarar å lage så god mat heilt sjølv.

Mat som brubyggar

Mange hundre personar kan kome og gå på kjøkkenet til Geitmyra i løpet av ei veke, likevel er kjøkkenet prega av heimslege element.

— Me ynskjer ikkje å skape noko restaurantkjøkken på garden. Det skal vera som kjøkkenet dei finn heime, slik at det blir lettare for borna å spreie kunnskapen dei får på garden, med seg heim og inn i skulen, fortel Gjelsvik.

Den norske tradisjonsmaten utgjer overraskande nok ikkje hovudfokusert i undervisninga, til trass for at kjøkkenet er lagt til ein gard i 1700-tals rokokkostil.

— Me vil lære borna å prøve nye smakar og då gjerne på tvers av tradisjonar og geografiske grenser, fortel Gjelsvik, som meiner maten kan bli ein brubyggar.

— Nesten all mat byggjer på dei same råvarene. Me kan til dømes nytte oss av tradisjonelle norske grønsaker, men ved å setje til krydder kan det like godt bli ei indisk gryte.

Med unge, entusiastiske meisterkokkar går Gjelsvik og Geitmyra matkultursenter vinteren optimistisk i møte, og på spørsmål om kva som er det viktigaste ein kan gjera for å forbetre born sitt kosthald, kjem svaret kontant:

— Ein skal bruke tid på måltidet; ein skal nyte den gode maten og selskapet til kvarandre.



: Barcelona-gjengen
: Atle Berge
: Samlaget, Komet 2011

Boka har rikeleg med fargerike teikningar, som med enkel strek passar godt inn i handlinga. Teksten dekkjer sjeldan meir enn ei halv side, noko som gjer det komfortabelt og oversiktleg for lesaren å følgje Barcelona-gjengen på eventyr. Med enkle ord og passeleg korte setningar klarar Atle Berge å dra lesaren inn i ei fotballverd få unge gitar kan motstå. Historia er spanande og humoristisk, og skildrar i tillegg hendingar ein sjølv kan kjenne seg att i. Kven har vel drøymt om at helten, Messi, skal kome for å hjelpe ein i tunge stunder?

Anita Svendheim

GEITMYRA

www.geitmyra.no

På nettsidene til Geitmyra matkultursenter er det lagt ut informasjon for skular som ikkje har høve til å reise til Oslo. Her finn ein undervisningsopplegg for barneskulen og SFO delte inn etter klassetrinn og kompetanssmål.

KVA DYR KJEM BOMULLEN FRÅ?

Kanskje den raskaste mannen i verda har ei truse av brennesle som brenn sånn at han alltid spring fortast? Kva med eit spedbarn med genser

av mjølk, og som drikk opp klede? I boka Klara kan mykje rart om klede får me vite at ein kan lage klede av utruleg mange merkelege ting, som bambus, brennesle, banan, kaffi, kokos, korn, mjølk og te. Om morgonen står pappa og lurar på om han skal ta ull- eller bomullsbody på litlesystera til Klara. Klara synest det er merkeleg at det er forskjell på ull og bomull, og ynskjer å finne ut meir om kva ulike klede er laga av. Med hjelp av mamma og pappa finn ho ut mykje rart. Ho finn ut at plastflasker blir til fleece, ho finn ut at silke blir laga av ormespytt, og ho finn ut kor mange sauer ein treng for å lage eit sofapledd. Likevel er det ingen av venene som trur på Klara når ho fortel om det ho har funne ut. Heldigvis har Klara ei storesyster som hjelper ho med å finne bevis.

I Klara kan mykje rart om klede blir den unge lesaren teken på alvor. Forfattar



: Klara kan mykje rart om klede
: Theresa Grøtan
: Samlaget 2011

Anita Svendheim



Andreas Viestad saman med barn frå barnehagen Ragnas hage, auddeling Mynte. (Foto: Geitmyra matkultursenter)



Bokmeldingar